

Presisering om planane for grusbana

07.02.2014



Dugnadsgjeng i arbeid der idrettslaget eig

Gruppa som arbeider med utvikling av aktivitetsskapande anlegg på grusbana la fram ein førebels status for arbeidet på eit folkemøte sist onsdag.

Gruppa arbeider primært med arealet som idrettslaget eig kring grusbana, men har også fått eit mandat frå idrettslaget til å sjå planane i ein samanheng med den føreståande arealanalyisen i Uskedalen sentrum.

I tillegg til planane for grusbana presenterte gruppa ein del tankar for alternativ disponering av anna areal i bygda, mellom anna Geilobakkane.

Gruppa vil presisere at dette var meint som 'idemyldring', dette vart også presisert på møtet..Vi har hatt kontakt med grunneigarane før møtet, og vi har vore i kontakt med dei i etterkant av møtet for å presisere nettopp dette.

Som representantar for idrettslaget representerar vi ålmonta generelt og born spesielt sine interesser i arbeidet med sentrumsutvikling og vi ser at det er stor trøng for arealflater som kan generere aktivitetar.

Uskedalen skal vere ei bygd i vekst og då er det avgjerande med eit sentrum der uskedelingar i alle aldrar kan møtast og vere aktive. Vi ser fram til ein diskusjon om dette i åra framover. der ulike aktørar kan leggje sine interesser på bordet i ein open og fri debatt for å utvikle bygda vår i den retninga vi ynskjer.

**For UIL Grusbanegruppa
Odd Steinar Arnesen**

Foto og NETT: Ola Matti Mathisen